

Medlemsmøte i Bø Ap

Torsdag 6. november er det klart for medlemsmøte i Bø Arbeiderparti på Bø hotell. Viktige saker på agendaen er Partiprogram for kommunevalet neste år og nominasjonsliste til kommunevalet

Avduka ein Folkeakademihilhengjar

Folkeakademiet TeVeBu (Telemark, Vestfold og Buskerud) hadde medarbeidarsamling i Bø fredag og laurdag. Det blei arrangert ein høgtidelig og morosam avduking av deira nye profilerings-tiltak på hjul: Ein Fplkeakademihilhengjar. – I den eldgamle kultur- og folkeopplysningsorganisasjonen ser me at me må gå nye vegar i

forhold til synlighet og profilering, seier dagleg leiar i Folkeakademiet TeVeBu, Kari Falk Sirnes. Tilhengaren vil ha Folkeakademiets logo og påskrifta «Eg er ein folkeakademihilhengjar», på bæe målføre. Under avdukinga fekk Falk Sirnes hjelp av styreleiar Signe Marie Kittelsaa som spela på lur.



– Reforma må styre alt

Det sa fylkesmann Kari Nordheim-Larsen då ho opna kommunekonferansen i Bø i førre veke. Sjølv om det var statsbudsjettet som var hovudsak, starta det med kommunereforma.

Marta Kjøllesdal

marta@boblad.no – tlf 976 88 692

– Nokre trur kanskje me har fått kommunereforma på hjernen. Ja, det har me.

Det var helsinga frå fylkesmann Nordheim-Larsen til kommunepolitikarar- og byråkratar som hadde møtt fram på Fylkesmannens kommunekonferanse på Bø Hotell i førre veke. Temaet for konferansen var forslaget til statsbudsjett frå regjeringa. Det stod også på sakskartet, men først ein porsjon kommunereform. Nordheim-Larsen peika på at kommunereform, det vil seie kommunesamanslåing, er den største saka no.

– Det er ikkje for spesielt interesserte i Kommunaldepartementet, kommunestyre og hjå Fylkesmannen. Det må styre alt som skjer i kommunane og regionen framover, sa Nordheim-Larsen.

Dei fleste i gang

Ho meiner 2015 er eit skjebneår, då må kommunane finne ut kven dei føler dei høyrer saman med.

Alle kommunane i Telemark er i gang med det, med unnatak av Tinn. Bø er med i utgreiinga om Lidfjell rundt. Seljord, som ordførar Olav Kasland har peika på som ein aktuell kandidat for Bø å slå seg saman med i fleire utlike konstellasjonar, er også med i den utgreiinga. Seljord er dessutan med på ein forstudie i Vest-Telemark.

– Me er meir like enn ulike, sa rådmann i Seljord og prosjektleiar for Lidfjell rundt, Per Dehli.

Han peika på at nokre kommunar har meir gjeld enn andre og vil påføre andre i ein nytt fellesskap større gjeld, men dei kommunane vil også få del i infrastrukturen.

Gigantisk kommune

Det er tidlegare rådmann i Vinje og Notodden, Hans Kristian Lehmann som gjennomfører forstudien i Vest-Telemark.

– Om Vest-Telemark blir ein



Første skisse. Dette er ei skisse til framtidig kommuneinndeling som fylkesrådmann Evy-Anni Evensen viste på konferansen. Men fylkesrådmannen er usikker på kva som blir igjen av Telemark.

kommune blir den større enn Vest-Agder fylke, det blir avstandsproblematikk, sa Lehmann.

Han peika på at Vinje brukar å skryte av at den åleine er større en Vestfold fylke, no blir det endå større dimensjonar.

Lehmann seier at han har tatt tak i ekspertutvalet si innstilling og ser på problemstillingane punkt for punkt i. Blant anna korleis vil lokaldemokratiet fungere? Det går å lage ein kommune i Vest-Telemark, men den må fungere annleis enn dagens kommunar, seier Lehmann. Det må òg til fleire heildagspolitikarar.

– Me kan ikkje ha kveldsmøtet, skal det vere møte på hotell som fylkestinget gjer? I fleire kommu-

nar er det problem med å stille liste, det kan kanskje auke den politiske interessa, sa Lehmann.

– Det blir peika på at det er eit problem med mykje inhabilitet i små kommunar, det er eg ikkje sikker på. Me kjenner kvarandre godt, det kan vere både positivt og negativt. Men det blir større avstand mellom dei som styrer og dei som blir styrt, sa Lehmann.

Ikkje stordriftsfordelar – Tenestetilbodet skal vere der folk bur. Det skal i utgangspunktet ikkje føre til sentralisering, men eg trur ikkje stordriftsfordelane er der. Det blir dyrare, me vil få eit nytt system på toppen, sa Lehmann.

Han viste til at tenestetilbodet i Vest-Telemark-kommunane er

godt, men at ei større kommune kanskje kan vere bra for langtidsplanlegging.

– Eg trur ikkje det kan bli ei kommune med eitt kommunesenter. Ein må dele opp. Det har ikkje blitt prøvd før og er spennande, sa Lehmann.

Fylkeskommunen

Kari Nordheim-Larsen hadde også invitert med fylkesrådmann Evy-Anni Evensen til møtet. Stortinget har vedteke at det skal vere parallelle prosessar når det gjeld det regionale nivået.

– Kva skjer med vårt fylke, spurde Evensen.

Ho peika på at det er fleire kommunar som ser over fylkesgrensene både mot vest og aust.



Ganske like. Seljordrådmann Per Dehli meiner kommunane i den potensielle Lidfjell rundt-kommunen er likare enn ein trur.

SUPERPRIS

PÅ LIBERO COMFORT TRIPPELBOKS
Tilsvarende 6 Libero enkeltpakker



Libero Comfort
Str. 5, 150 stk, str. 6, 138 stk.

149,-

Pris pr. bleie fra
0,99 - 1,08

FÅ SJIRAFFØRER TIL EN VERDI AV 69,- PÅ KJØPET!



Gjelder så langt beholdningen rekker og kun til private husholdninger. Maks 2 pr. kunde. OBS! Bleieavtalen gjelder ikke på disse pakningene!

KIWI mini pris
Kjøp kjapt, trygt og billig

MARKISER PERSIENNER
SCREEN • GARASJEPORTER

Høstkupp!
På utvalgte produkter
-15-35%



Fasade
PRODUKTER

Jens O. Thalberg tlf: 488 40 535
eller ring sentralbordet tlf: 911 50 200
www.fasadeprodukter.no